



## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar kyrkjelege fellesråd  
**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen  
**Dato:** 1. september 2016  
**Tid:** Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Rasmus Fitjar	Leiar
Terje Havro	Nestleiar
Gunvald Aarbø	Medlem
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten

Fitjar, 26. august - 2016

Harald Rydland, kyrkjeverje

Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet

### Sakliste:

#### Saksnr.

F-22/16 Rekneskap pr. 31 juli 2016  
F-23/16 Budsjett for 2017  
F-24/16 Godkjenning av referat  
F-25/16 Meldingssaker  
F-26/16 Open post



**Sak 22/16: Rekneskap pr. 31. juli 2016**

Økonomikontoret til kommunen har no ført kyrkja sitt rekneskap slik at det er oppdatert pr. 31. juli rapporten vart ikkje klar før utsending av denne innkallinga. Rapporten vil verta lagt fram og kommentert i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet tek rekneskapsrapporten pr. 31.7.2016 til vitande.

**Sak 23/16: Budsjett for 2017**

Rådmannen sitt arbeid med kommunebudsjettet for 2017 føregår frå no og fram til november. Kyrkja bør komma med sitt framlegg til budsjett så tidleg som råd i prosessen. Så langt me veit pr. i dag, vert alle dei fast tilsette med i kyrkjestaben neste år. Lønnsbudsjettet, som er den største utgiftsposten, må minst dimensjonerast i høve til dette. Elles bør fellesrådet alt no gå gjennom ein del overordna tema som gjeld kyrkjebudsjettet for neste år. Nokre av dei som kan nemnast er:

- Kor mykje kan ein forventa av gjevartenesta som skal dekkja kyrkjelydsprest, trusopplæring, ungdomsarbeid, diakoni, kyrkjeblad m.m?
- Kompenasjon frå kommunen til å dekkja løn for kyrkjetenar og klokkar
- Ressursar til sekretærhjelp på kyrkjekontoret
- Auke i kantorstillinga
- Vedlikehald og oppgradering av ringeanlegg i tårnet
- Anna vedlikehald av kyrkja og kyrkjegarden
- Tilskot frå kommunen til jubileumsprosjekt

**Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet vil be om at kyrkjeverja prioriterer tiltaka som gjeld budsjettet i slik rekkefølge:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

**Sak 24/16: Godkjenning av referat**

Utkast til referat frå møte den 2. juni vart sendt ut før sommarferien. Det er fint om medlemene kan sjå gjennom referatet og komma med evt. merknader før det skal godkjennast i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 2. juni 2016.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Fitjar sokn

**Sak 25/16: Meldingsaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Orgel- og galleriprojektet, status for arbeidet
2. Drifta av kyrkja og kyrkjegarden i sommar
3. Lønsoppgjeret for 2016, uravstemming

**Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet tek meldingane til orientering

**Sak 26/16: Open post**